


Utviklingsplan 2023-2024


Hognestad skule





Innhald

Innleiing	3
Overordna mål.....	4
Sektormål for grunnopplæringa	4
Overordna del av læreplanen	4
Kommunale strategiar, planar.....	4
Utviklingsområde 2022-2023	5
Vurdering av utviklingsområda:	5
Utviklingsområde 2023-2024	6
Mål og tiltak 2023-2024	6
Læringsresultat: Engelsk LK-20.....	7
Læringsmiljø- Motivasjon.....	8



Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for involvering av foreldra. Me går gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda, knytt til læringsmiljø og læringsresultat, sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me hatt fokus på satsingsområde "Tidleg innsats" på vår skule og «Laget rundt læraren og eleven»

Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande var utviklingsområde i 2022-23:

Læringsmiljø- motivasjon

Læringsresultat- engelsk

Dette var grunngjevinga:

Hognestad skule har variable resultat på lesing, men **engelsk** og **motivasjon** er noko me ønskjer å arbeida vidare med. Under motivasjon ser me føre oss at elevmedverknad og praktisk læring (blant anna «Bygda vår» og skulehagar) kjem fram som underpunkt. I forhold til engelsk trengst det eit systematisk arbeid på kva som er forventa for kvar trinn, korleis me kan kartleggja engelskferdigheitene og korleis variera og gjera undervisninga motiverande.

Trivsel og trygt og godt skulemiljø kjem også fram som viktig vidare. Trass systematikk fekk me ikkje betre resultat på Olweusundersøkinga. Fokus på trivsel og tryggleik blir med vidare. Trygt og godt skulemiljø er sett opp som tema på PU-tid fleire gonger 2023-2024. Me held på systematikken og ventar betre resultat på elevundersøkinga/Olweusundersøkinga skuleåret 2023-2024.

Vurdering av utviklingsområda:

Kunnskapsgrunnlaget 2022-2023 viser at me treng å arbeida meir med engelsk og motivasjon.

Me treng å arbeida med at det me satsar på skal synast igjen i klasseromma. Elevane skal merka satsingsområda våre i engelsk. Metodikk i faget er kopla opp mot LK 20.

Lærarane arbeidar med dialogisk praksis og sosial læring i klasseromma (klasselesekurs, opne spørsmål, oppsummeringar og variert undervisning). Arbeidet med «Dysleksihåndboka» skal implementerast i klasseromma og skulehage og «Bygda vår» treng og vidareutviklast.

Utviklingsområde 2023-2024

Mål og tiltak 2023-2024

Utviklingsområde

Læringsresultat: Engelsk - Me treng å arbeida med at det me satsar på skal synast igjen i klasseromma. Elevane skal merka satsingsområda våre i engelsk. Metodikk i faget er kopla opp mot LK 20.

Læringsmiljø: Motivasjon - Lærarane arbeidar med dialogisk praksis og sosial læring i klasseromma (klasselesekurs, opne spørsmål, oppsummeringar og variert undervisning). Arbeidet med «Dysleksihåndboka» skal implementerast i klasseromma og skulehage og «Bygda vår» treng og vidareutviklast.

Status:

Undervegsevaluering av tiltak sett opp mot delmål skal gjennomførast i v. 50, v. 12 og v. 23

Læringsresultat: Engelsk LK-20

Effektmål (gevinst)	Resultatmål 2025	Delmål 2023/2024	Tiltak 2023/2024	Stopp punkt 2023/2024
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
Læringsresultat <i>Elevane kan bruka engelsk til å læra, kommunisere og knyta band til andre.</i>	Elevar frå Hognestad skule har aldersadekvat framgang frå NP på 5.trinn til NP på 8.trinn i engelsk.	Alle elevar har progresjon i engelsk (1.-7.trinn) Elevane merker at engelsk er eit satsingområde.	Dela tips og idear til undervisning i kompetansemål i engelsk. Metodikk i PU-tid Tips og deling 30 min måndagar	Evaluering i PUG etter gjennomført tema. Lærarane synest det me gjer i PU-tid og i 30min på måndagar er nyttig. Kjem fram i evalueringane v. 50, v.12 og v. 23
		Utarbeida standard etter kompetansemål per trinn	Gjort ferdig standard for 5.-7.trinn på planleggingsdag i januar.	Evaluering ved slutten av pl.dag og i v.12.
		Aktivt bruka tilgjengelege verktøy i evalueringsarbeidet	Utforska ny digital læreplattform Skolen.cdu.no og kva den kan tilby i engelskundervisninga. Setja oss inn i Aski Raski – engelsk versjonen. Laga stier i Aski Raski – engelsk. Tips og deling med blant anna GNIST-boka i engelsk.	Ved evalueringane v. 50, v.12 og v. 23
			NP-prøve i engelsk 5.trinn – Evaluera kva me bør gjera annleis og kva me bør gjera meir av på 1.-4.trinn. NP-prøve i engelsk på 8.trinn - sjå og samanlikna med resultata desse elevane hadde på 5.trinn. Kva bør me gjera annleis og kva me bør gjera meir av på 5.-7.trinn?	Evaluering og justering desember kvart år.

Effektmål (gevinst)	Resultatmål 2025	Delmål 2023/2024	Tiltak 2023/2024	Stopp punkt 2023/2024
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
Læringsmiljø <i>Elevane er motiverte og kjenner meistring for å gå på skule og få ei utdanning.</i>	Auka motivasjon opp til 4 på elevundersøkjinga	Auka delmåla med 0,2: -Er du interessert i å lære på skulen (3,7 - 2022) -Eg gleder meg til å gå på skulen (3,5 – 2022)	Implementera Dysleksihåndboka Digitale ressurspersonar – Kreasjon – deling modular i PU-tid Læra metodikken Klasselesekurs i PU-tid Lingdys – trygga lærarar slik at alle kan programvaren Ta i bruk/Repetera apper som er tilgjengelege for alle elevane.	Lærarane har felles praksis og kjenner seg trygg på å handtera dysleksi. Medarbeidersamtaler – haust 2023 og våren 2024 Ved evalueringane v. 50, v.12 og v. 23
			Utvikla satsinga Skulehage. Kopla tema opp til mål i læreplanen. Bruka prosess og resultat for å utvikla den utforskande og praktiske eleven.	Hausting og såing. Ved evalueringane v. 50, v.12 og v. 23
			Utvikla satsinga "Bygda vår" som tverrfaglege tema. - Årshjul med to løp. - Eit som bakgrunn for all undervisning. - Eit for tradisjon, faste opplegg på trinn.	Årshjul ferdig til veke 23.

